




HAVFORSKNINGS



NYTT

EKA

Sjøforskningsinstituttets  
Bibliotek

22 SEPT 1998

Nr. 17 - 1998

# Markert auke av næringssalt i Skagerrak

Menneskeskapt næringssalt som kjem frå Tyskebukta og Kattegat er hovudårsaka til at konsentrasjonen av det viktige næringssaltet nitrat i vatnet langs kysten av Skagerrak har vorte omlag dobla om vinteren og våren dei siste 20 åra. I fylgje Statens Forureiningstilsyn (SFT) sine kriterier er dette ei "markert" endring. I same perioden har konsentrasjonen av fosfat auka med mellom 10 og 20 prosent. Verknad av auken i konsentrasjonane i Skagerrak har truleg ikkje spreidd seg nord for Jæren.

Havforskningsinstituttet har kartlagt og analysert næringssalt ut frå registreringar som alt er gjort på ein del faste målestasjonar frå Anholt i Kattegat til Raunefjorden ved Bergen.

## 20.000 kubikkmeter ferskvatn pr sekund

Næringsstoffa kjem til havet med ferskvatnet. Kystvatnet i Skagerrak er mest påverka av tilføring av ferskvatn frå Austersjøen og Kattegat, sørlege Nordsjøen og lokalt i Skagerrak. Det er snakk om enorme vassmassar, i gjennomsnitt får Skagerrak tilført omlag 20.000 kubikkmeter ferskvatn i sekundet. Frå Austersjøen og Kattegat kjem 15.000 kubikkmeter, resten er omlag likt fordelt på Nordsjøen og lokal tilførsel i sjølve Skagerrak.

## Mest vinter og vår

Vasstilstrøyminga og tilføringa av næringssalt varierer med årstidene. Dei lokale ferskvasstilføringane er stort i flaumperioden om våren, medan det kjem mest frå Austersjøen og Kattegat om vinteren og våren og frå sørlege Nordsjøen i vinterhalvåret. Overflatevatnet frå Katte-

gat, som er mest påverka av utstrøyminga frå Austersjøen, har hatt auke i konsentrasjon av alle målte næringssalt i perioden frå 1970 og fram til i dag. Hovudårsaka er utviklinga i Austersjøen der konsentrasjonen av næringssalt også vart nærliggende dobla frå 1950 til 1980. Unnatak er silikat, der konsentrasjonen til og med har gått nedover om sommaren.


## Planktonproduksjonen reduserer konsentrasjonen

Konsentrasjonane av næringssalt i Tyskebukta har også ein årleg syklus: Det er mest fosfat og silikat rundt årsskiftet, medan nitratkonsentrasjonen er høgast seinare på vinteren og om våren. Ut frå dette kan ein ut over vinteren og tidleg på våren venta at vatnet som strøymer inn i Skagerrak frå Tyskebukta, har høge nitratkonsentrasjonar og meir nitrat i høve til fosfat og silikat. Frå mai og utover sommaren vil planktonproduksjonen normalt ha redusert overkonsentrasjonane av uorganiske næringssalt monaleg i vatnet som strøymer inn frå vestkysten av Jylland.

Når det strøymer vatn frå vestsida av Jylland til Skagerrak om vinteren og våren, inneholdt kystvatnet ved Arendal omlag 24 prosent vatn frå Kattegat, 20 prosent frå Tyskebukta og 56 prosent frå sørlege og sentrale Nordsjøen. I gjennomsnitt i denne perioden kjem omlag 77 prosent av nitratet, 42 prosent av fosfatet og mellom 33 og 57 prosent av silikatet frå Tyskebuktvatn. Overflatevatn frå Kattegat sytte for mellom 6 og 15 prosent av nitratkonsentrasjonane og mellom 20 og 27 prosent av fosfat- og silikatkonsentrasjonane.

### Liten påverknad nord for Jæren

Utrekningar frå observasjonar i den norske kyststraumen i middel for perioden januar - mai i 1993 viser at den høge nitratkonsentrasjonen vert redusert og har liten påverknad nord for Jæren. I mars og april då konsentrasjonen av nitrat er forholdsvis størst i Skagerrak, kan grensa for den registrerte påverknaden i kyststraumen i enkelte år strekkjast nord til Karmøy.



Eit forenkla bilet av straumen i dei øvre vasslag i Skagerrak og tilgrensande område. Hovudstraumane kjem inn i Skagerrak frå Kattegat, Tyskebukta og Nordsjøen og går opp langs Norskekysten. Dei viktigaste målestasjonane er avmerka.

Du kan lese meir om emnet i «Fisk og havet» nr 2 - 1997: Næringsalter og klorofyll-a fra Skagerrak til Vestlandet. Forfattarar: Jan Aure og Tore Johannessen.

Konsekvensane av auka næringsalt i sjøen kan du lese om i Havforskningstema nr. 3 og 4 1998. Henholdsvis «Meir næringsalt i Skagerrak truer dei norske fjordane» og «Alger - havets gress»

**Kontaktpersonar:** Jan Aure, Havforskingsinstituttet, Senter for marint miljø, Postboks 1870 Nordnes, N-5024 Bergen. Tlf: +47 55238500, Faks: +47 55238584. E-post: Jan.Aure@imr.no.  
Tore Johannessen, Havforskingsinstituttet, Forskingsstasjonen Flødevigen, N-4817 His. Tlf: +47 37059000, Faks: +47 37059001. E-post: Tore.Johannessen@imr.no